



## VOLDA KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** 1. etg., Volda samfunnshus  
**Dato:** 25.01.2018  
**Tid:** 14:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøylen	Medlem	AP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangersnes	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemer som ikke møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hild Våge	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer



## VOLDA KOMMUNE

Jan Henning Egset	Hild Våge	AP
Milan Ilic	Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	AP
Egil Berg	Odd Arne Folkestad	FRP
Harald Ola Søvik	Edvin Dale	FRP
Jan Øystein Håvik Holsvik	Sølvi Dimmen	SP
Anne Lise Fredly		AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef, OS 1/18, PS 3/18, PS 4/18
Bodil Brautaset	Fagkonsulent oppvekst, PS 3/18
Elin Høydal Vatne	Einingsleiar rus- og psykisk helseteneste, PS 7/18
Rune Totland	Teknisk sjef, PS 9/18

Ingrid Evebø Haug, leiar for PPT-tenesta, møtte i OS 1/18  
Ronald Hagen, leiar for kontrollutvalet, møtte i PS 3/18

## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
<b>PS 1/18</b>	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
<b>PS 2/18</b>	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
<b>OS 1/18</b>	<b>Orientering frå nye PPT</b>
<b>PS 8/18</b>	<b>Fritak frå eigedomsskatt i 2018 etter § 7</b>
<b>PS 3/18</b>	<b>Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Tidleg innsats</b>
<b>PS 4/18</b>	<b>Handsaming av søknader om skuleplass i Hornindal kommune</b>
<b>PS 12/18</b>	<b>Volda ungdomsskule - Moglegheitsstudie og grunnleggande føringar for renovering/ombygging</b>
<b>FO 1/18</b>	<b>Interpellasjon - Digitale læringsressursar på nynorsk</b>



# VOLDA KOMMUNE

- |          |   |
|----------|---|
| PS 5/18  | Innovasjonsprosjektet Kimen Sosial Entreprenør - drift av gartneri på Folkestad |
| PS 6/18  | Volda skisenter AS - kommunal garanti til nytt idrettsbygg                      |
| PS 7/18  | Framlegg til vedtak av bustadsosial handlingsplan 2017 - 2020                   |
| PS 9/18  | Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.12.2017                             |
| FO 2/18  | Grunngjeve spørsmål - Offentleg tannhelseteneste - Oppretthaldning av tilbod    |
| FO 3/18  | Anleggstrafikk knytt til Håmyra   |
| OS 5/18  | Digitalisering av kommunal sektor - forslag til politisk sak                    |
| PS 10/18 | Orienteringssaker   |
| OS 2/18  | Protokoll frå fylkesstyremøtet i KS Møre og Romsdal, den 30. november 2017      |
| OS 3/18  | Møteprotokoll frå møte i Kontrollutvalet 29.11.17                               |
| OS 4/18  | Endring av verneområder i Volda kommune   |
| PS 11/18 | Delegerete saker frå avdelingane  |
| DS 1/18  | Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 19/444  |
| DS 3/18  | Løyve til tiltak, opprusting av rås ved Brunsdalsvatnet Gbr 89/1                |
| DS 5/18  | Løyve til tiltak, driftsbygning Gbr 30/1  |
| DS 6/18  | Ferdigattest, ombygging Gbr 30/382  |
| DS 7/18  | Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 10/2  |
| DS 8/18  | Ferdigattest, firmannsbustad Gbr 30/430   |
| DS 9/18  | Ferdigattest Gbr 11/53-55 Nytt bygg lager/verkstad/kontor Furene                |
| DS 10/18 | Ferdigattest, skulebakken Gbr 160/8   |
| DS 11/18 | Løyve til endring Gbr 2/107   |
| DS 12/18 | Rammeløyve, modulbygg Gbr 12/43   |
| DS 13/18 | Løyve til tiltak, ny bru gbr 72/1   |



# VOLDA KOMMUNE

## PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

### **Handsaming:**

Det var 27 møtande ved møtestart.

Innleiingsvis i møtet hadde kulturskulen eit musikkinnslag. Lovise og Lina Ådneram spelte firthendig på piano.

### **Dokument lagt ut på lesebrettet den 22.01.18:**

Interpellasjon – Digitale læringsressursar på nynorsk.

### **Dokument lagt ut på lesebrettet den 24.01.18:**

Volda ungdomsskule – Moglegheitsstudie og grunnleggande føringar for renovering/ombygging.

Tilråding frå formannskapet 12.12.2017 – til kommunestyret.

### **Dokument delt ut i møtet:**

Grunngjeve spørsmål frå Volda FrP, v/Roald Espset:

- Offentleg tannhelseteneste – Oppretthaldning av tilbod
- Anleggtrafikk knytt til Håmyra

### **Innkalling**

Det var ingen merknader til innkallinga.

### Røysting innkalling:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

### **Sakliste**

Ordføraren kom med framlegg om at dei ettersendte sakene, samt framlegg til vedtak frå Krf, v/Erlend Krumsvik, vedk. digitalisering av kommunal sektor, vert sett på saklista.

Ordføraren kom med framlegg om følgjande endring av oppsett sakliste: Sak PS 8/18 vert handsama kl. 14.30, sak om Volda ungdomsskule vert handsama etter PS 4/18 og deretter FO 1/18 interpellasjon frå SP og MDG.

### Røysting sakliste:

Saklista, med tillegg og endringar frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.



## VOLDA KOMMUNE

### PS 2/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte den 14.12.2017 vart samrøystes godkjent.

### OS 1/18 Orientering frå nye PPT

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik og leiar for PPT, Ingrid Evebø Haug, orienterte om PPT-tjenesta.

### PS 8/18 Fritak frå eigedomsskatt i 2018 etter § 7

#### **Tilråding i Formannskapet - 16.01.2018 til kommunestyret:**

1. *Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
2. *Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
3. *Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.*

#### **Handsaming:**

Jan Henning Egset reiste spørsmål om habilitet. Han er direktør i studentsamskipnaden, som er part i saka, jf. fvl. § 6.1. ledd, e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga eller røystinga over spørsmålet om habilitet.

#### Røysting habilitet:

Jan Henning Egset vart samrøystes kjent inhabil.

Vara Anne Lise Fredly tok sete.

Roald Espset, Volda FrP, kom med slikt framlegg:

*Høgskulen i Volda (kantine og administrasjon), og Studentsamskipnaden sine bustader/hyblar, vert teke ut av oversikt over dei som skal ha fritak frå eigedomsskatt etter paragraf 7a.*

#### **Røysting:**



## VOLDA KOMMUNE

Framlegget frå Roald Espset fekk 11 røyster og fall, 16 røysta imot.

Roald Espset bad om punktvis røysting:

Punkt 1 fekk 19 røyster og vart vedteke, 7 røysta imot.

Punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak i Kommunestyret - 25.01.2018:

1. *Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
2. *Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
3. *Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.*

Vara Anne Lise Fredly gjekk og Jan Henning Egset tok sete.

### PS 3/18 Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Tidleg innsats

#### Kontrollutvalet si tilråding:

1. *Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet - Tidleg innsats, Volda Kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 20.10.17).*
2. *Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
  - a) *Volda kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT straks kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.*
  - b) *PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT skal støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge med særlege behov.*
  - c) *Kommunen skal i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.*
  - d) *Kommunen skal sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «Voldaprosjektet» i barnehagane vert overført til skulane i kommunen.*
  - e) *Kommunen skal vurdere korleis det tverrfaglege ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass her.**



## VOLDA KOMMUNE

- f) *Kommunen skal utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til forskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.*
3. *Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 01.06.2018.*

### **Handsaming:**

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik, fagkonsulent Bodil Brautaset og leiar i kontrollutvalet Ronald Hagen svara på spørsmål frå kommunestyret.

Rebecca Riise Bjerknes kom med slikt framlegg, tillegg til punkt 2 d:

*kommunen skal sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «voldaprosjektet» vert nytta og vidare styrka i barnehagane og i tillegg vidareført til skulane i kommunen.*

Erlend Krumsvik, Krf, kom med framlegg om nytt punkt 4:

*"Punkt 4 - Kommunestyret ber om at rapporten som rådmannen skal levere til Kontrollutvalet blir lagt fram som orienteringssak til kommunestyret".*

### **Røysting:**

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Rebecca Riise Bjerknes og tilrådinga frå kontrollutvalet punkt 2 d. Framlegget frå Rebecca Riise Bjerknes vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta samla over tilrådinga frå kontrollutvalet, framlegget frå Rebecca Riise Bjerknes og Erlend Krumsvik, som vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Kommunestyret - 25.01.2018:**

1. *Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet - Tidleg innsats, Volda Kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 20.10.17).*
2. *Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast utførast:
  - a) *Volda kommune har lange ventelister i høve tilvisinger til PPT. Det er viktig at det nye PPT straks kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.*
  - b) *PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT skal støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge med særlige behov.**



## VOLDA KOMMUNE

- c) *Kommunen skal i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.*
  - d) *Kommunen skal sikre at kunnskap og kompetanse opparbeida i samband med «Voldaprosjektet» vert nytta og vidare styrka i barnehagane og i tillegg vidareført til skulane i kommunen.*
  - e) *Kommunen skal vurdere korleis det tverrfaglege ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass her.*
  - f) *Kommunen skal utarbeide felles rutinar i barnehagesektoren knytt til førskulearbeidet og sosial kompetanse. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekstsektoren.*
- 3. *Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 01.06.2018.*
  - 4. *Kommunestyret ber om at rapporten som rådmannen skal levere til Kontrollutvalet blir lagt fram som orienteringssak til kommunestyret.*

### PS 4/18 Handsaming av søknader om skuleplass i Hornindal kommune

#### Samrøystes tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 10.01.2018 til kommunestyret

- 1. *Administrasjonen vert gitt mynde til å ta avgjerd i saker der foreldre til born busette i Volda kommune søker om skuleplass i Hornindal kommune.*
- 2. *Søknader om skuleplass i Hornindal skal vurderast i tråd med innarbeidd praksis i handsaming av søknader om skulebyte innan Volda kommune.*
- 3. *Kostnader knytt til kjøp av skuleplass i Hornindal kommune fram til 2020 vert å innarbeide i budsjettet til opplæring og oppvekst.*

#### Handsaming:

#### Røysting:

Tilrådinga frå tenesteutval for oppvekst og kultur vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak i kommunestyret - 25.01.2018

- 1. *Administrasjonen vert gitt mynde til å ta avgjerd i saker der foreldre til born busette i Volda kommune søker om skuleplass i Hornindal kommune.*
- 2. *Søknader om skuleplass i Hornindal skal vurderast i tråd med innarbeidd praksis i handsaming av søknader om skulebyte innan Volda kommune.*
- 3. *Kostnader knytt til kjøp av skuleplass i Hornindal kommune fram til 2020 vert å innarbeide i budsjettet til opplæring og oppvekst.*



## VOLDA KOMMUNE

### PS 12/18 Volda ungdomsskule - Moglegheitsstudie og grunnleggande føringer for renovering/ombygging

#### Tilråding i formannskapet - 12.12.2017 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret tek til vitande teknisk tilstandsanalyse av Volda ungdomsskule, datert 31.08.2017 frå XPRO AS, med konklusjon om at bygningsmassen har eit betydeleg behov for renovering/ombygging for å tilfredsstille dagens tekniske- og funksjonskrav, men at den også har ein vesentleg restverdi som kommunen må søkje å nytte vidare. Kommunestyret gjer vedtak om å gjennomføre eit moglegheitsstudie for å finne nivå og omfang av ombygging og renovering på skulen. Moglegheitsstudiet skal blant anna kartlegge:*
  - Rom- og funksjonskrav
  - Tekniske krav til bygningsmassen
  - Myndigheitskrav
  - Hovudberesystem
  - Økonomisk ramme for gjennomføringa
  - Moglegheita for å «ta vare på» tilførte verdiar gjennom nylege oppgraderingar
2. *Kommunestyret gjer vedtak om at ein i moglegheitsstudien legg seg på eit ambisjonsnivå på 60 - 80 mill eks mva ved ei dimensjonering for 300 ungdomsskuleelevar i sentrum, og 80 til 100 mill eks mva for ei løysing med 400 ungdomsskuleelevar*
3. *Kommunestyret ber vidare om at følgjande prinsipp vert lagt vekt på i moglegheitsstudie:*
  - Ein tek utgangspunkt i dei behova som skulen si brukargruppe peikar på som dei mest prekære, og ser vidare på kva meir ein kan klare å inkludere i prosjektet med det ambisjonsnivået som er satt
  - Ein tek utgangspunkt i at hovudbygget skal behaldast, og ein ser på moglegheita for å utvide for å inkludere meir areal til skulen
  - Ein tek utgangspunkt i at skulen skal dimensjoneras for minimum 300 elevar, 65 tilsette og 12 klasserom og 400 ungdomsskuleelevar (15 klasserom, 75 tilsette).
  - Det leggast ikkje føringer om at uttrykket til bygget skal bevarast, men det skal gjerast ei eiga vurdering av konsekvensane med tanke på økonomi og bygget sin funksjon dersom ein skulle ynskje å bevare det.
  - *Volda campus arena skal brukast som gymsal for den nye skulen. Om det ikkje blir realisert skal det byggast ny hall/gymsal ved den nye skulen.*

#### Handsaming:

Saka vart ettersendt til kommunestyret 24.01.2018.

Rebecca Riise Bjerknes kom med slikt framlegg til nytt kulepunkt 3:

*Det skal vurderast areal til ungdomsklubb ved ungdomsskulen i samband med mulighetsstudien.*



## VOLDA KOMMUNE

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett.*

### Røysting:

Framlegget fra ordføraren vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i kommunestyret - 25.01.2018:

*Saka vert utsett.*

### FO 1/18 Interpellasjon - Digitale læringsressursar på nynorskHandsaming:

Rebecca Riise Bjerknes, SP, las opp interpellasjon på vegne av partia SP og MDG og kom med slikt framlegg til vedtak:

- *Volda kommune skal arbeide for at flest mogleg av dei digitale læringsressursane som vert nytta i Voldaskulen er på nynorsk .*
- *Oppvekstkontoret skal skaffe seg oversikt over korleis appar og andre digitale læringsressursar vert nytta, slik at ein veit kva som er definert som læremiddel og ikkje, og held seg innanfor lova.*
- *Volda kommune skal samarbeide med andre nynorskkommunar (for eksempel gjennom Sjustjerna og LNK) om å få appar omset til nynorsk.*
- *Volda kommune skal løfte problematikken kring digitale nynorske læremiddel fram for Utdanningsdirektoratet og arbeide for at "digitale læremiddel på nynorsk for grunnskulen" kjem på prioriteringslista for tilskot til læremiddelutvikling i 2018.*
- *Volda kommune skal vurdere om eiga ikt-utviklingskompetanse kan nyttast i utvikling av læremiddel på nynorsk, og om dette kan finansierast ved tilskot og sal av digitale pedagogiske produkt.*

### Røysting realitetshandsaming:

Det vart samrøystes vedteke å realitetshandsame saka.

### Røysting:

Framlegget fra SP og MDG vart samrøystes vedteke.



## VOLDA KOMMUNE

### Vedtak i kommunestyret - 25.01.2018:

- *Volda kommune skal arbeide for at flest mogleg av dei digitale læringsressursane som vert nytta i Voldaskulen er på nynorsk .*
- *Oppvekstkontoret skal skaffe seg oversikt over korleis appar og andre digitale læringsressursar vert nytta, slik at ein veit kva som er definert som læremiddel og ikkje, og held seg innanfor lova.*
- *Volda kommune skal samarbeide med andre nynorskkommunar (for eksempel gjennom Sjustjerna og LNK) om å få appar omset til nynorsk.*
- *Volda kommune skal løfte problematikken kring digitale nynorske læremiddel fram for Utdanningsdirektoratet og arbeide for at "digitale læremiddel på nynorsk for grunnskulen" kjem på prioriteringslista for tilskot til læremiddelutvikling i 2018.*
- *Volda kommune skal vurdere om eiga ikt-utviklingskompetanse kan nyttast i utvikling av læremiddel på nynorsk, og om dette kan finansierast ved tilskot og sal av digitale pedagogiske produkt.*

### PS 5/18 Innovasjonsprosjektet Kimen Sosial Entreprenør - drift av gartneri på Folkestad

#### Tilråding i Formannskapet - 16.01.2018 til kommunestyret:

*Kommunestyret tek saka til vitande, og takkar studentane og andre involverte i Kimen for nytenking, kreativitet og engasjement i innovasjonsprosjektet Kimen Sosial Entreprenør.*

*Utvikla metodikk gjennom innovasjonsprosjektet vert å ta med i den vidare kvalifiseringsarbeidet og i utgreiinga om samarbeid og samordning av kommunale kvalifiserings- og sysselsettingstiltak.*

#### Handsaming:

#### Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i kommunestyret - 25.01.2018:

*Kommunestyret tek saka til vitande, og takkar studentane og andre involverte i Kimen for nytenking, kreativitet og engasjement i innovasjonsprosjektet Kimen Sosial Entreprenør.*



## VOLDA KOMMUNE

*Utvikla metodikk gjennom innovasjonsprosjektet vert å ta med i den vidare kvalifiseringsarbeidet og i utgreiinga om samarbeid og samordning av kommunale kvalifiserings- og sysselsettingstiltak.*

### **PS 6/18 Volda skisenter AS - kommunal garanti til nytt idrettsbygg**

#### **Tilråding i Formannskapet - 16.01.2018 til kommunestyret:**

*Med etterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gjev Volda kommune garanti til Volda skisenter AS for eit lån pålydande kr. 4 000 000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre, i samsvar med lånetilsegn datert 25.10.17.*

*Garantien vert gitt på slike vilkår:*

1. *Garantien er ein simpel kausjon*
2. *Garantien gjeld for inntil 20 år*
3. *Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet*
4. *Utbetalte spelemidlar og eventuell kompensasjon av mva skal i heilskap gå til avkorting av lånebeløpet i samsvar med finansieringsplan*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i kommunestyret - 25.01.2018:**

*Med etterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gjev Volda kommune garanti til Volda skisenter AS for eit lån pålydande kr. 4 000 000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre, i samsvar med lånetilsegn datert 25.10.17.*

*Garantien vert gitt på slike vilkår:*

1. *Garantien er ein simpel kausjon*
2. *Garantien gjeld for inntil 20 år*
3. *Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet*
4. *Utbetalte spelemidlar og eventuell kompensasjon av mva skal i heilskap gå til avkorting av lånebeløpet i samsvar med finansieringsplan*



## VOLDA KOMMUNE

### PS 7/18 Framlegg til vedtak av bustadsosial handlingsplan 2017 - 2020

#### Tilråding i formannskapet - 16.01.2018 til kommunestyret:

*Bustadsosial handlingsplan 2017 – 2020 blir vedteken og er retningsgivande for vidare arbeid med det bustadsosiale arbeidet i Volda kommune.*

#### Handsaming:

Leiar for rus- og psykisk helseteneste Elin Høydal Vatne orienterte.

#### Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak i kommunestyret - 25.01.2018:

*Bustadsosial handlingsplan 2017 – 2020 blir vedteken og er retningsgivande for vidare arbeid med det bustadsosiale arbeidet i Volda kommune.*

### PS 9/18 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.12.2017

#### Tilråding i formannskapet - 16.01.2018 til kommunestyret:

*Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.12.2017 til vitende.*

#### Handsaming:

Rune Totland svara på spørsmål frå kommunestyret vedk. vatn og avløp.

#### Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak i kommunestyret - 25.01.2018:

*Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.12.2017 til vitende.*

### FO 2/18 Grunngjeve spørsmål - Offentleg tannhelseteneste - Oppretthalting av tilbod

Roald Espset, FrP, stilte grunngjeve spørsmål til ordføraren om den offentlege tannhelsetenesta og oppretthalting av tilboden i Volda.



## VOLDA KOMMUNE

Ordføraren svara og Roald Espset takka for svaret frå ordføraren.

### **FO 3/18 Grunngjeve spørsmål - Anleggstrafikk knytt til Håmyra**

Roald Espset, FrP, stilte grunngjeve spørsmål til ordføraren om anleggstrafikk knytt til utbygginga av Håmyra.

Ordføraren svara og Roald Espset takka for svaret frå ordføraren.

### **OS 5/18 Digitalisering av kommunal sektor - forslag til politisk sak**

Krf, ved Erlend Krumsvik, kom med følgjande forslag til politisk sak:

Kommunestyret viser til PS 145/17 Årsbudsjett 2018 – Økonomiplan 2018-2021, med vedtak om nytt punkt under Målkart – «Medarbeidrarar»; «Innovasjon: ha eit forhold til kva digitalisering, robotisering og intelligente maskiner kan bety av endring/forbetring for eigen arbeidsfunksjon»

Volda kommune er saman med Giske, Vanylven og Ålesund kommunar føregangskommunar på Sunnmøre med fokus digitalisering av kommunal forvaltning, men samstundes langt etter andre pilotkommunar i Noreg (eks. Bergen kommune). I prosessar og arbeid som deltararar frå Volda kommune har vore med i gjennom Innovasjonsskolen og Demokratiprojektet i regi av Sunnmøre regionråd IKS, har ein identifisert at alle innovasjonsprosessar må involvere fagarbeidaren i kommunen. Innovasjon er «Bottom – Up», med god forankring til nærmeste leiar og heilt opp til kommunestyret.

Kommunestyret ynskjer å førebu den kommunale administrasjonen på ein forsterka digitaliseringsprosess. Med forankring i nemnte budsjettvedtak skal administrasjonen gjennomføre prosessar på alle arbeidsplassar der ein skal kartlegge kva for arbeidsfunksjonar som kan vurderast i eit lys av digitalisering. Det vil være naturleg at nærmeste arbeidsleiar/avdelingsleiar blir prosessansvarleg på eigen arbeidsplass. Med prosess meinar kommunestyret at dette er ei sak ein jobbar med over tid.

Det sentrale spørsmålet kommunestyret ynskjer tilbakemelding på er kva for arbeidsfunksjonar som med fordel kan digitaliserast, robotiserast eller forbetraast ved å nytte intelligente maskiner. For å forsterke vårt syn visast det til følgjande film:

<https://www.youtube.com/watch?v=hCNUHWWnWUw>

Nokre arbeidsfunksjonar er lette å sette i gang, som t.d. robotklippar, robotvaskar og robotstøvsugar. Andre arbeidsfunksjonar kan vere meir utfordrande, og eit godt spørsmål kan være: «Dersom du som arbeidstakar i Volda kommune kunne få ein kollega som du kunne disponere fritt sjølv. Kva for arbeidsoppgåver ville du då ynskje å bli avlasta på?». Det neste spørsmålet er da om desse funksjonane kan digitaliserast. Vidare kan også kompliserte saker



## VOLDA KOMMUNE

førast opp. Tilbakemeldingane vil gi eit bilet av kva for kompetanse administrasjonen har på dette området i år.

Kartlegginga vil gi kommunestyret eit relevant grunnlag for å jobbe med dei utfordringane som ligg til effektivisering av offentleg sektor, og forbetra dialog med næringsliv og innbyggjarar.

### **Forslag til vedtak:**

Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ei sak til politisk handsaming der organisasjonen sjølv kartlegger eigen arbeidsplass i høve digitalisering, robotisering og intelligente maskiner.

Rapporten må leverast kommunestyret til handsaming slik at denne er relevant for budsjettarbeidet 2019.

Kommunestyret fremjar denne saka som oversendingsforslag til fellesnemnda for Nye Volda kommune.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Saka vert sendt vidare til handsaming i administrasjonen og til nye Volda kommune, v/prosjektleiar, i samsvar med § 4 i reglementet til kommunestyret.*

Kommunestyret slutta seg til framlegget frå ordføraren.

### **PS 10/18 Orienteringssaker**

Det var ingen merknader til orienteringssakene.

**OS 2/18 Protokoll frå fylkesstyremøtet i KS Møre og Romsdal, den 30. november 2017**

**OS 3/18 Møteprotokoll frå møte i Kontrollutvalet 29.11.17**

**OS 4/18 Endring av verneområder i Volda kommune**

### **PS 11/18 Delegerete saker frå avdelingane**



## VOLDA KOMMUNE

### **Delegasjonssaker frå avdelingane**

- DS 1/18 Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 19/444
- DS 2/18 Rammeløyve, tilbygg Gbr 48/11
- DS 3/18 Løyve til tiltak, opprusting av rås ved Brundalsvatnet Gbr 89/1
- DS 4/18 Igangsettingsløyve, modulbygg Gbr 12/43
- DS 5/18 Løyve til tiltak, driftsbygning Gbr 30/1
- DS 6/18 Ferdigattest, ombygging Gbr 30/382
- DS 7/18 Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 10/2
- DS 8/18 Ferdigattest, firmannsbustad Gbr 30/430
- DS 9/18 Ferdigattest Gbr 11/53-55 Nytt bygg lager/verkstad/kontor Furene
- DS 10/18 Ferdigattest, skulebakken Gbr 160/8
- DS 11/18 Løyve til endring Gbr 2/107
- DS 12/18 Rammeløyve, modulbygg Gbr 12/43
- DS 13/18 Løyve til tiltak, ny bru Gbr 72/1

Møtet slutt kl. 17:50

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
26.01.2018

Sonja Håvik  
førstekonsulent